

ICare2 Julebrev 2017


Initiativ for Childrens Right to Education

Takk kjære bidragsyter!

Di støtte til ICare2 bidreg til gode framtidsutsikter for 50 fattige barn i Visayas, Filippinane. Støtta di gir òg positive ringverknader for familiane til barna i programmet. Stiftinga ICare2 er basert på friviljug arbeid og kan derfor skilte med ein føremålsprosent på 100% som betyr at alle innsamla midlar går til føremålet (inklusive kostnader til Revisor og medlemskap i www.innsamlingskontrollen.no).

Her er den sterke historia til Jorlan Quijada oversendt frå vår samarbeidspartner Rise Above Foundation i Cebu City.

Ufatteleg tap - Jorlan mista begge foreldra, men er fast bestemt på å gjennomføre utdanninga



“Gimingaw nako nila !” (Eg saknar dei).

Dette var orda til 9 år gamle Jorlan stortra fram for å beskrive tapet av foreldra.

Jorlan var rundt 7 då far hans døde av eit hjarteattak. Berre nokre få månader seinare mista han mor si då ho døde på grunn av ein alvorleg infeksjon forusaka av eit dødt forster.

Tapet av foreldra var ei ufatteleg tragedie, men han føler seg ikkje alleine fordi han har besteforeldre og slektningar som bryr seg - og har omsut for han og søstera. Men tragedien førte til dei måtte skilje lag for å overleve. Dei vart fosterbarn to forskjellige stader. Jorlan bur nå hjå besteforeldra i Cebu City medan søstera bur hjå tanta deira i Negros Oriental.

At han er eit av barna i programmet til Icare2 og dermed vert teke vare på av Rise Above Foundation Cebu, gjev håp for framtida.

“Tukuran nako sila puhon og dakong balay,” (Snart skal eg byggja eit stort hus til meg og besteforeldra mine).



Jorlan vil òg ta søster si attende.



“Kuhaon nako siya og ako na ang magsuporta sa iyaha (Eg skal ta henne tilbake og eg skal ta vare på henne),” seier han bestemt.

Jorlan har framleis ein lang veg å gå før han kan nå måla sine, men så lenge Icare2 med hjelp av bidrag frå deg hjelper han, vil han kunna få ei utdanning og dermed eit yrke som gjer det mogleg.

For han betyr sponning av utdanning at han kan få ei god framtid og eit bedre liv, kvart gjennomført skuleår er eit steg i rett retning.

Takk kjære bidragsytar du gjer ein stor skilnad for barn som Jorlan og du kan vera trygg på at di hjelp betyr svært mykje.

Ha ei riktig god jul og eit framgangsrikt og fredfullt nytt år!

Meir informasjon finn du på: www.icare2.no og på facebook: Icare2.



- Kvalitetssikrer innsamlinger

**ICARE2 TRENG FLEIRE FASTE
GIVARAR!**

MANGE AV ELEVANE I PROGRAMMET ER
AKTUELLE FOR YKESUTDANNING PÅ
HØGSKULE OG UNIVERISTET.
SVAK KRONEKURS OG PRISSTIGNING GIR
AUKA KOSTNADER.

*FASTE GIVARAR ER NØKKELEN TIL Å VERA
FØRESEIELEG OG LANGSIKTA*
